

# SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar: Ivar Kvalen  
Arkivsaksnr.: 17/1523

Arkiv: N30 &13

---

## Høyring - endringar i rutetilbodet med ekspressbåtane Sogn – Bergen

### Ordførar si tilråding, (basert på utkast til fråsegn frå Sogn Regionråd):

Luster kommune har følgjande høyringssvar:

Rapporten «Utgreiing om endringar i rutetilbodet for Sognebåten» er utarbeidd på oppdrag av Sogn regionråd. Tiltaka i rapporten er basert på undersøkingar, analysar og arbeidsmøte mellom involverte aktørar. Sogn regionråd har samarbeidd med Visit Sognefjord og næringa for å finna gode tiltak.

Reiselivet er verdast største og raskast veksande næring, og i sogneregionen har det vore ei solid auke i talet tilreisande sidan 2013. Prognosane for vidare vekst er gode. Det er venta 5-15 prosent årleg vekst i reiselivet og den framtidige veksten må kome i skuldar- og vintersesong. Endra endestogg til Flåm vil binde Oslo-Sogn-Bergen sterkare saman også om vinteren.

For å leggja til rette for vidare trafikkauke er det avgjerande at vi har både heilårsrute og sommarrute. Luster kommune meiner ei utviding av vinter- og heilårsruta til å bli eit turistprodukt er einaste utveg for å sikre innbyggjarane i Sogn og Bergen ei båtrute til/frå Sogn-Bergen i framtida.

Det vert lagt opp til at næringa finansierer utvida sommarrute med to månader (april og oktober). For heilårsruta blir fylkeskommunen bedne om å finansiera driftskostnadane i inntil 5 år, medan næringa dekker marknadsføring og sal. Realistisk scenario viser at heilårsruta med endestopp Flåm vil gå med overskot i 2021.

Luster kommune meiner ei utviding av vinter-/heilårsrute med Flåm som endestogg er svært viktig samferdsletiltak om regionen skal lukkast med reiseliv heile året og for å sikra innbyggjarane i Sogn og Bergen ei båtrute til/frå Sogn-Bergen i framtida.

**Saksutgreiing:**

**Prenta vedlegg: Høyringsbrev frå Sogn og Fj. fylkeskommune**  
**Uprenta vedlegg:**

---

Særutskrift skal sendast:  
m/kopi til: